

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

18. søndag i treeiningstida - 30. september 2012

Preiketekst: Matt 8,5-13

Lesetekst I: 1 Kong 8,41-43

Lesetekst II: Rom 15,25-33

Abrahams barn – og vi andre

Dagens tema

Gjennomgangstema i dagens tekstar er tilhøvet mellom jødar og heidningar (gojim), mellom truande av heidningeætt og ”dei heilage i Jerusalem”. Offiseren i Kapernaum står som representant for folkeslaga som skulle søkje til Sion, slik GT teiknar Guds frelsesveg til verda. Så går frelsa også ut frå Sion: Guds son, med si universelle frelse, er send av Gud gjennom det folket han valde seg ut i den gamle pakt.

Evangelisten Matteus har ei tydeleg målsetting med si Jesus-fortelling. Då evangeliet fekk si skriftlege form, hadde Peter og Paulus alt kome til Roma og grunnlagt den kristne kyrkjelyden der. Vi er komne fram til sist på 60-talet etter Kristus - og Jesus-rørsla, som no hadde teke steget frå Israel til heidningeverda, hadde ein kamp å kjempe mot angrep frå vantru jødisk hald. Det var støytande for rett-truande jødar at Jesus hadde heva seg over krava om å halde seg unna alt ureint, og no hadde den kristne kyrkja teke opp i seg uomskorne heidningar. Skriftet er difor ein historisk-religiøs apologi – eit forsvarsskrift: Jesus er den Messias som Skriftene har vitna om, endå om han hadde heidningane sitt Galilea som base, endå om han både berørte spedalske og møtte ein romersk offiser. Lesarane er jødar og jødekrystne i Israels land, og skriftet er forfatta på arameisk.

Samanheng

Jesus har fullført Bergpreika, og kap.7 avsluttar med at folket var fulle av undring over læra hans. For han lærde dei med myndig tale og ikkje som deira skriftlærde. Lukas fortel at Jesus deretter går rett til Kapernaum, der det første som skjer, er at ein urein, ein spedalsk, treng hjelp. Jesus berører han, og underet skjer. Så kjem det ein som på sitt vis er urein, nemleg offiseren i dagens tekst. Med å lækje desse sjuke – den tredje i same kapittel er Peter si svigermor – viser Jesus at han har rett til å framstå med myndighet og autoritet.

Offiseren

Vi møter ein offiser her i starten av Jesu offentlege gjerning - og det var ein offiser på slutten av Jesu offentlege gjerning (stående ved krossen). Offiseren i starten vart brukt av Gud til å identifisere Jesus som Guds Son, og offiseren på slutten braut ut: "Sannelig, dette var Guds Son!" - Det fins ein del eksempel i NT på at heidenske offiserar har spela ei positiv rolle. Ein

slik var Cornelius, høvedsmann for det italienske Regiment, som Peter fekk hjelpe til tru. Andre tok vare på Paulus, slik at han kom velberga fram til Roma.

Offiseren i Kapernaum er ein heidning, om han aldri så mykje hadde bygd synagogen, og dermed bevist sin velvilje mot jødane. Kapernaum var ein garnisonsby i Galilea, som på denne tida ikkje stod direkte under romarane. Fjerdingsfyrsten Herodes Antipas hadde fått herredømme i Galilea, med romerske styrkar til sin disposisjon. Offiseren var ein centurion, det vil seie at han hadde minst hundre mann under seg. Difor veit han alt om kommandolinjer.

I si oppgave med å oppretthalde ro og orden i området, heldt han seg godt orientert om alle tendensar til folkesamlingar og eventuell uro. Han hadde nok god greie på Jesu bevegelsar i terrenget. Det er mykje som tyder på at han ikkje berre hadde bygd synagogen for å stå på god fot med folket, men at han hadde kjennskap til Israels Gud. Ja, han viste tru på Israels Gud, men han var framleis ein uomskoren, og dermed ein urein for jødane. – Hos Matteus verkar det som offiseren personleg vende seg til Jesus, Lukas fortel at han brukte nokre av jødane sine eldste(!) som sendebod. Og desse gjekk god for offiseren: "Han fortener det. Han er ein god mann, og det er han som har bygt synagogen vår." - I alle fall hadde han stor respekt for Jesus.

Tenesteguten

Hos Lukas finn vi ordet *doulos*, som er oversett med "tenar". Men ordet som Matteus brukar, *pais*, er eit ord som i utgangspunktet betyr "barn" eller "gut". Det er i alle høve ein tenestegut som offiseren er glad i og vil berge. Lukas seier at det var ein tenar som han sette svært høgt. Guten hadde blitt lamma, hadde svære plager, det stod om livet, seier legen Lukas. Han kunne ikkje, som ein annan lam mann vi høyrer om, berast til Jesus.

Kapernaum i heidningane sitt Galilea

Byen var garnisonsby og trafikalt knutepunkt. Evangelieforfattaren Matteus hadde ei fortid som tollaren Levi nettopp i Kapernaum. Galilea var eit forakta område med eit blandingsfolk. Galilea-regionen hadde vore folkesett av mange heidenske innvandrarar fleire århundrer før, derfor såg reinrasa jøder ned på Galilea og galilearar. Det høyrdest på språket at ein kom frå Galilea, og det var ikkje berre fordi det var langt ut på landet. Det var ei fornærming å spørje nokon om dei var frå Galilea.

Matteus gjer eit poeng av at Jesus valde nettopp Galilea som sitt kjerneområde:

Då Jesus fekk høyra at Johannes var sett i fengsel, drog han tilbake til Galilea. Han flytte frå Nasaret og busette seg i Kapernaum, ved sjøen, i Sebulons og Naftalis land. Slik skulle det oppfyllast, det som er tala gjennom profeten Jesaja: Sebulons og Naftalis land, ved vegen til havet, bortanfor Jordan, heidningars Galilea, det folket som bur i mørker, har sett eit stort lys, over dei som bur i dødsskuggens land, har lyset stråla fram. Frå den tid tok Jesus til å forkynna: «Vend om, for himmelriket er kome nær!» Matt.4.

Viktige poeng i teksten

1. Offiseren si tru

Tru viser seg i bøn. Bøna si form kan vere avslørande. Her har ikkje offiseren kommando lenger. Han presenterer kort og godt problemet, utan å fortelje Jesus kva han skal gjere. Han kjenner seg liten i høve til Jesus (ikkje verdig) og opptrer audmjuk. Han viser til tru på Skaparordet (sei berre eit ord) – og dermed tru på Jesu guddommelege makt og autoritet.

Han vender seg til den eine sanne Gud, her representert i Jesus frå Nasaret. Han går i forbøn for tenesteguten sin – ei talande omsorgshandling. I alle fall ei trus-handling, som Jesus har sansen for.

2. Jesu makt til å lækje

Det hender verkeleg- denne gongen uten berøring, men ved Jesu ord: ”Gå! Det skal skje slik du trudde.” Nøkternt konstaterer Matteus: Og tenesteguten vart frisk i same stunda. Skaparordet har framleis kraft: *Han tala, og det skjedde, han baud, og det stod der.* Salme 33.

3. Gud inkluderer heidningane

Jesus kommenterer situasjonen overfor dei som var i følge med han. Matteus hørde det sjølv: Jesus gjer eit stort poeng av at det er *ein heidning* som trur på denne måten. Ja, heidningen si tru vert brukt til å statuere eit eksempel for dei som ein skulle kunne ha venta tru hos; dei som har heile si historie som Guds folk, ein arv av erfaring med Guds nådefulle inngrep, alle Guds lovnader, Skrifta som peikar mot Messias. Det er som om Jesus gnir salt i såret med å bruke sjølv hovudbiletet på Gudsriket, gjestebodet. Abraham og Isak og Jakob skal vere der – men kvar er dei som først vart innbedne, ”borna av riket”?

På den eine sida: heidningane frå aust og vest er hjarteleg velkomne og vert innlemma i Guds familie. *”Og han kom og forkynte den gode budskapet om fred for dykk som var langt borte, og fred for dei som var nær. Ved han har både de og vi tilgang til Far i éin Ande. Så er de ikkje lenger framande og utlendingar. Nei, de er medborgarar saman med dei heilage og høyrer Guds familie til.”* (Ef 2,17-19)

På den andre sida: Mange av dei som kallar seg Abrahams barn, set seg sjølv utanfor.

4. Det fins eit innanfor og eit utanfor, iflg. Jesus

Jesus opererer med eit ”innanfor” og eit ”utanfor”, eit skilje. Kontrasten mellom festen innanfor og mørket utanfor er talande. Det synes å skulle vere bevisst tilstand der utanfor.

Og så eit lite sluttpoeng: Vi, som tilhøyrer heidningefolka, kom på gjestelista fordi Sonen opna faderhuset for oss. Israelsmisjon – er ikkje det å fortelje ”borna av riket” at invitasjonen framleis står ved lag?

Annbjørg Eiksund Hesselberg

Misjonsekretær Trøndelag krets av Den Norske Israelsmisjon

annbjorg.hesselberg@ntebb.no